

Til Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug



13 desember 2020

Klage på administrativt vedtak, saknr. 780/20, «Dispensasjon for plassering av kabel og skilt – gbnr 417/1 og 417/12 Rossnes»

På vegne av grunneigarane på Villanger, gbnr. 418/1-11 i Alver kommune, vil vi med dette klage på det administrative vedtaket av 24.11.2020 i sak 780/20, der Lingalaks AS er tiltakshavar (dykkar referanse: 20/10168 - 20/47795). Saka gjeld Lingalaks AS sin søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1. Vi vart gjort kjent med vedtaket 30.11.2020.

Klagen vår går konkret på vurderinga kommunen har gjort av dei privatrettslege tilhøva knytte til arealet i Austre Vaulevika, Rossnes.

Vi ser at Alver kommune rått svelgjer framstillinga i Advokatfirmaet Thommessen sitt notat datert 14.10.2020 om at retten som grunneigarane på Villanger har i området berre er ein ikkje-eksklusiv bruksrett, og at denne ikkje blir berørt av tiltaket.

Grunneigarane på Villanger har eit heilt anna syn på dette. Vi er av den klare oppfatninga at vi framleis har eigarrettar i Austre Vaulevika. Vi viser her til den skriftlege formuleringa om felles rettar i dokumentet frå utskiftinga av felles utmark for Rossnes og Villanger (tinglyst 1909), og til konteksten/bakgrunnen for formuleringane i utskiftingsdokumentet. Vi meiner at Kartverket si innteikning av grensene på kartet for området støttar vårt syn, og like eins den praksisen som tidlegare Radøy kommune har følgd når det har kome opp spørsmål om bruken av området.

I lys av våre etablerte rettar i området, er det «åpenbart» at tiltakshavar ikkje har dei nødvendige privatrettslege rettane, jf. pbl. § 21-6, og grunnlaget for det administrative vedtaket fell derfor bort.

Saka kan best ordnast gjennom ein avtale mellom tiltakshavar og grunneigarane på Villanger. Vi har ved fleire høve spelt inn til tiltakshavar at vi er interesserte i å finne ei grei løysing som er tenleg for alle partar i så måte, men der står saka.

På vegne av grunneigarane på Villanger (gbnr. 418/1-11)

13/12-20 Flåvard Villanger 418/1

13/12-20 Magn Børthaug 418/3

13/12-20 Bjørn Villanger 418/4

